



Atle Fredheim imponerer som songsolist med Rosendal Musikklag under Rosendal Musikkfestival for nokre år sidan.(Foto: Thor Inge Døssland)

Det er no klart at den allsidige musikaren og trubaduren Atle Fredheim vert gjestearartist under allsongprogrammet på Systrene Nilsen kl.15 førstkommande laurdag. Det er særdeles kjekt at Atle har takka ja, for i tillegg til at han er ein dyktig musikar, gjøglar og songar, har han solide røter knytta til Uskedalen.

Atle Fredheim budde barneåra til han var om lag 14 år her i Uskedalen før familien flytta til familiegarden i Mauranger. Atle budde og på Dønhaug på hybel då han gjekk på vidaregåande skule på Husnes.

Tidleg avslørte Atle seg som eit stort musikalsk talent. I tida i Uskedalen viste han det først og fremst då han briljerte på trombone både i skulemusikken og vaksnemusikken. Han var og med i Sunnhordland ungdomsbrassband (SUBB) som var i drift då. Han har og bakgrunn frå fleire andre korps, mellom anna Rosendalskorpsa der han og i periodar har vore dirigent.

Dei siste tiåra har trombonespelet meir og meir vorte bytta ut med gitaren og songstemma. Svært dyktig og med stor allsidighet har han imponert publikum. Vi kan ikkje putta musikaren Atle Fredheim i ein bås. Han er

visesongaren, dansemusikaren, gjøglaren og kjøgemeisteren, solist med kor og orkester, trubaduren, ja, han kan bekle dei fleste roller. Han kjem alltid godt frå det, og har alltid god kontakt med publikum.

Vi gleder oss til lørdag då ex.uskedelingen Atle kjem med gitaren og songrøysta, og kanskje ein bassist, og set ein ekstra spiss på allsongprogrammet til Reidar Myklebust og Kristian O. Bringedal. Det vert nok ein flott oppfølgjar etter suksessen for ein månad sidan!



Atle Fredheim, saman med Stig Klette, spelar i Dønhaugkjellaren. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Tekst: Thor Inge Døsslsand.